


Månadsbrev februar 2023



Me er godt i gang med nytt kalenderår med vel gjennomført morgonsamling v/mellomtrinnet, MOT-samling i 9. klasse og SU- og SMU-møte. Det kom inn 38 svar på trivselsundersøkinga etter ei lita påminning. Takk til alle elevar og foreldre som svarte! Resultata kan de lesa meir om i referatet frå SMU-møtet 31.01.23 etter kvart.

På SFO er det Dagmar og Trine-Grete som styrer, men det vert framleis vikarar innimellom.

6. februar har 8. klasse ansvar for morgonsamlinga, der me markerer samane sin nasjonaldag. Lihkku beivviin på førehand! Same dag får ungdomstrinnet besøk av Line Baugstø som tek utgangspunkt i boka si "Vi skulle vært løver" om kjønn og identitet. Lærarane har fagdag saman med lærarane i vaksenopplæringa og Tonstad skule på ettermiddagen 6., og 10. februar skal Åse-Berit på møte på Eiken i småskulenettverket.



Nå les 1.-7. klasse boka "Helt super" før dei skal sjå filmen på den store skulekinodagen på Tonstad 14. februar. Nominasjonsjuryen i Uprisen 2023 har kome fram til fem bøker, og de finn i alle fall ei bokmelding frå Sinnes skule om de leitar litt under *Hva jeg gjorde med pengene* på uprisen.no.



Fredag 24. februar blir det Abeldag med grupper på tvers dei tre siste timane, og då er det svært lurt å ha med gode uteklede. Det vart ein fin, men kald dag i fjor...

Og så er det vinterferie! Bruk han godt!

Sinnes 01.02.23, Åse-Berit (rektor)

